

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.10.2015

Fylkesrådmannen sette fram slikt forslag:

"Første del av første setning i punkt 4 vert endra slik:
Fylkesadministrasjonen ved *fylkesrådmannen* legg til rette for ..."

Terje Søviknes sette fram slikt forslag:

"Endra punkt 1 og 3:

1. Hordaland fylkeskommune er positiv til tettare samarbeid mellom vidaregåande opplæring , høgare utdanning og næringsliv ved etablering av blått kompetansesenter.
3. Blått kompetansesenter vert lokalisert til tomt v/ Austevoll vidaregåande skule."

Røysting

Søviknes sitt forslag til punkt 1 fekk 6 røyster (Frp, H, V) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag til punkt 1 vart vedteke mot 6 røyster (Frp, H, V).

Fylkesrådmannen sitt forslag til punkt 2 vart samrøystes vedteke.

Søviknes sitt forslag til punkt 3 fekk 6 røyster (Frp, H, V) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag til punkt 3 vart vedteke mot 6 røyster (Frp, H, V).

Fylkesrådmannen sitt forslag til punkt 4 med endringsforslaget frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune er positiv til å vurdere eigna område og vidaregåande skular i Hordaland som kan vere aktuelle for samlokalisering ved etablering av eit blått kompetansesenter.
2. Hordaland fylkeskommune er positiv til kartlegging av mogleg finansiering av blått kompetansesenter ved hjelp av utleige av skulekonsesjonar for akvakultur og fiskeri.
3. Hordaland fylkeskommune ynskjer å vurdere tomtetilhøva ved Austevoll vidaregåande skule med tanke på eventuell frigjeving av fylkeskommunalt areal til eit slikt senter.
4. Fylkesadministrasjonen ved fylkesrådmannen legg til rette for desse kartleggingane, samt vurdering av aktuelle næringsaktørar og deira vilje og vilkår for investering i eit slikt senter. Fylkesutvalet legg til grunn at eksterne kostnader for ei slik utgreiing vert dekt av dei regionale utviklingsmidlane (HNN budsjettet – FUV).